



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.  
0030 Oslo

## Fråsegn til forslag om statlege planretningslinjer for geografisk differensiert strandsonopolitikk langs sjøen

Vi viser til departementet sitt brev 29.06.2009, vår fråsegn av 05.08.2008 og innspel til retningslinjene frå Kystsonenettverket på Vestlandet.

### Om føremålet

Sentralt i føremålet er at det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering av strandsoneforvaltninga, der vernet skal gjerast strengast i sentrale område der presset på areala er stort. Vi stiller oss spørsmål om i kva grad retningslinjene skal ta vare på dei eksisterande verdiane i strandsona eller legge opp til ny utbygging i dei ytre kyststroka og i vestlandets fjordlandskap. Som eksempel kan nemnast at den internasjonalt kjente Lysefjorden har stort utbyggingspress og svært lite areal nær sjøen som er eigna til utbygging.

### Tilhøvet til ny plan- og bygningslov (pbl)

Statlege planretningslinjer er heimla i ny pbl § 6-2. For strandsoneforvaltninga vil det bli utfordrande å følgje opp pbl § 1-8, der det i 1. ledd heiter at "I 100-m beltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særleg hensyn til natur-, og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser." Eit anna vesentleg pkt er ny lov § 19 1-4 om dispensasjonar.

Etter vårt syn har framlegget til nye planretningslinjer i liten grad følgt opp intensjon og lovtekst i ny pbl. Retningslinjene er for omfattande, ordrike og uklare i høve til dei signala som ein treng for å få til ein meir differensiert strandsonopolitikk enn vi har i dag. Vi vil derfor foreslå at dei blir vesentleg korta inn og meir konkrete for klarare å vise kva strandsonopolitikk regjeringa ønsker framover.

### Planretningslinjer vs dispensasjonsretningslinjer

Det har hittil vore uønska med ei bit-for-bit utbygging av strandsona der dispensasjonar styrer utbygginga. Den nye lova styrker utbygging etter plan og redusert bruk av dispensasjonar. I forslaget til retningslinjer er dispensasjonsbehandling nemnd fleire stader, gjerne med formuleringa at det "ikkje bør gis dispensasjon". Vi meiner det gir feil signal med slik omtale av dispensasjonspraksis dersom målet er å unngå dispensasjonar. Omtale av dispensasjonsbehandling bør derfor utgå frå retningslinjene.

### Tilhøvet til kommunane

Hovedgrepet er å innføre eit skille mellom kommunane. I Rogaland har vi fleire kommunar i begge kategoriar, men det er vårt inntrykk at utbyggingsmønsteret er slik at alle kommunane har strandsoner der det er eit sterkt bruks- og utbyggingspress på areala. Den kommunevise inndelinga i to grupper er vanskeleg å forstå. Inndeling bør heller skje etter ei regional

---

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

vurdering av utbyggingspress, bruk og verneverdiar. I Rogaland kan det lett skje ved rullering av Fylkesdelplan for kystsona.

Pågåande planarbeid og gjeldande kommuneplanar viser at det er stor lokal merksemd på ulempene ved for sterk strandsoneutbygging i sentrale område i alle kommunar, inkludert distriktskommunane. Også mange distriktskommunar har som prinsipp i kommuneplanen at nye hytter skal plasserast ovanfor 100-m beltet i strandsona. Kommuneplanprosessen er veileigna for desse vurderingane og ny pbl gir mange høve til å få vist slike område med juridisk verknad på plankartet. Det vil vere naudsynt at retningslinene blir slik utforma at også distriktskommunar med normalt mindre utbyggingspress, kan bruke retningslinene som grunnlag for prioriteringar av strandsona med omsyn til allmentas friluftsliv, landskap, biologisk mangfald og andre interesser, næringsverksemd, fritidshytter og andre interesser.

Ut frå dette meiner vi det ikkje er høveleg å dele kommunane inn i dei to gruppene retningslinene legg opp til. Vi meiner utgangspunktet må vere at retningslinene legg opp til ei inndeling som

- a. er basert på kjente definerte kriterier som utarbeidast sentralt eller regionalt
- b. betre fangar opp pressområda både i dei sentrale og andre kommunar

Skulle hovedgrepet med kommuneinndeling vidareførast, meiner vi det ikkje er rett å plassere Bokn og Kvitsøy i gruppa med mindre utbyggingspress. Bokn ligg i dag svært sentralt til langs stamvegen E39 og Kvitsøy vil om nokre år få tunnel til Nord-Jæren og E39. Begge kommunane er medvitne om at dei har stort utbyggingspress som kan svekke lokalbefolkninga sine allmenne interesser i strandsona.

Fylkesdelplanen for kystsonen i Rogaland si registrering av tilgjengeleg, ikkje utbygd strandsoner, viser at dei indre distriktskommunane mest ikkje har slikt areal. Dette, saman med det vi elles har nemnt om tilhøvet til kommunane, viser at det er vanskeleg å forstå kva kriterier som nå er lagt til grunn for inndelinga i retningslinene.

### **Konkretisering i høve til utbygging**

Retningslinene har uklare formuleringar som er til liten hjelp når utbygging skal vurderast. Mykje av dette skal kanskje overlatast til kommunane. I så fall bør det stå klart i teksten. Vi har ein del erfaringar som kommunane i stor grad har slutta seg til. Her kan vi nemne at

Nye sjøvendte hytteområde må vise akseptabel plass for felles båthamn for å bli godkjende. Elles blir det gjerne ei rekke ulovlege private båtplassar.

Reiselivsbygg og utleiehytter blir ofte omgjort til private hytter etter nokre år, evt ved første arveskifte. Kommunane i Rogaland er observante på dette nå.

Naust må vere mindre enn 35 m<sup>2</sup> BYA med maks 3 m gesimshøgde for ikkje å bli tatt i bruk til opphald. Unntak berre for registrerte fiskarar med dokumentert behov for større lager.

Fellesnaust med små buer på 3-5 m<sup>2</sup> kan erstatta tradisjonelle enkeltnaust som lagringsplass for utstyr.

Brygger bør vera maks 1,8 m breie for å dekke primærføremålet atkomst til båt. Blir dei breiare aukar privatiseringa ved at dei blir brukt til hagemøblar og opphald.

### **Forvaltning basert på kunnskap**

Fylkesmannen i Rogaland meiner at i framtida bør strandsonepolitikken i større grad enn hittil baserast på kunnskap om miljøverdiane i strandsona. Jamfør ny naturmangfaldslov. Mykje av

dette er alt tilgjengeleg i fylkesdelplanar og databasar som kommunane og statsforvaltninga brukar i arealforvaltninga.

Vi nemner her:

Fylkesdelplan for Kystsonen og fylkeskommunens rapport "Vakre landskap"

Kartlegging av viktige friluftsområder (DN-handbok 25), kulturlandskap og biologisk mangfald

Flyfoto og andre registreringar av lovlege og ulovlege inngrep i strandsona

Kartlegging av strandsoneverdier, utført av stadig fleire kommunar på grunn av at dei merkar presset på strandareala

Statistikk frå SSB av tilgjengeleg strandsona og årleg nedbygd strandsona i kommunane

Særskilte GIS-analyser av strandsona ut frå aktuelle utfordringar i kommunane


Etter vårt syn har ikkje framlegget til retningslinjer lagt nautsynt vekt på kunnskapsbasert forvaltning av strandsona.

### Konklusjon

Fylkesmannen meiner at framlegget til retningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning er for omfattande og uklårt til å ivareta behovet som kommunane har for å gjennomføra ei differensiert strandsoneforvaltning. Retningslinjene bør kortas inn og omtalen av dispensasjonar bør utgå. Delinga av kommunane i to grupper er vanskeleg å forstå sidan både tettstads- og utkantkommunar har strandsonereale med stort press som bør ivaretas gjennom retningslinjene. Vurdering av arealpresset bør gjerast av kommunane i kommuneplanen medan regional differensiering blir overlatt regional planstrategi og regionalplanar.

Strandsonepolitikken bør i vesentleg grad baserast på den kunnskapen som er tilgjengeleg ved ei lang rekke temakart og andre arealdatabaser.

Med helsing



Harald Thune  
fylkesmann



May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernssjef

Saksbehandlar: *Odd Kjos-Hanssen*  
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 20  
E-post: *odd.kjos-hanssen@fmro.no*

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning	Tungasletta 2	7485	Trondheim
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Kommunene i Rogaland			
Fylkesmennene			